



Møtereferat

Dato: 26.01.21

Type møte: Kulturminner – løa og lemstova i Alversund

Tid og stad: Teams, kl. 10-11

Møteleiar: Inger Marie Jordal

Bakgrunn:

Til stades:

Alver kommune ønskjer å søke dispensasjon frå krav om å gjenreise lemstova i Alversund, og ønskjer tilbakemelding frå fylkeskommunen om korleis dei vil stille seg ved ein slik søknad.

Bente Kopperdal Hervik, kultur, Alver kommune

Alexander Helle, plan og analyse, Alver kommune

Inger Marie Jordal, prosjektleiar, Alver kommune

Arild Sætre, Kulturverntenesta i Nordhordland

Karoline Hareide Breivik, VLFK, Fagleiar arealplan, seksjon kulturarv

Gunnbjørg Austrheim, VLFK, arealplan, seksjon for kulturarv, nyare tid

Berit Vik, VLFK, arealplan, seksjon for kulturarv, nyare tid, område Alver kommune

Ikke tilstades:

Line Merete Valle, leiar for sektor prosjekt, Alver kommune

01/Historikk

Alver kommune har eit rekkefølgjekrav i områdeplan for Alversund om å gjenreise lemstova i tilknytning til løa.

Alver kommune og fylkeskonservatoren i Vestland Fylkeskommune hadde eit møte 18.09.20 for å diskutere lemstova i Alversund. Verdien av bygget i seg sjølv, og bygget i sin kontekst vart diskutert. Moglegheitene for å søke dispensasjon frå rekkefølgjekrava i områdeplanen vart lufta.

Etter det har Alver kommune arbeidd vidare med saka. Verdien av lemstova, mogleg bruk, verdien av løa, mogleg bruk av denne og økonomi har vore vurdert. Det har og vore gjort strakstiltak på løa.

02 – Ønskje om å søke dispensasjon frå rekkefølgjekrav om å gjenreise løa

Alver kommune har så langt konkludert med at det er ønskjeleg å søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova, men dette krev ein politisk avgjerse.



Vurderingar som er gjort av Alver kommune:

Kommunen har avgrensa med midler til ivaretaking av kulturminner. Dersom ein vel å prioritere gjenreising av lemstova er kulturfagmiljøet i kommunen uroa over at løa kan bli ståande slik den er. Kommunen ønskjer heller å nytte tilgjengelege midlar på løa, som har stor kulturhistorisk verdi, framfor å bruke midlar på lemstova. Kulturminner i kommunalt eigarskap er økonomisk utfordrande, då det er få stønadsordningar for ivaretaking av desse.

Det er mange lemstover i Alver kommune. Nokon er i dårlegare forfatning enn lemstova på Alver, men det er og ein del eksemplar i mykje betre stand. Kommunen eig mellom anna Leivestadtunet, som har eit godt eksemplar av ei lemstove.

Løa på Alver derimot, er unik i sitt slag. Ein finn ikkje andre løer av denne typen i området. Alderen på grindverket gjer også at kulturminneverdien er svært høg. Kulturverntenesta i Nordhordland meiner fokuset bør liggje på grindløa.

Utfordringa med å gjenreise lemstova som skildra av Gamle3hus er i all hovudsak økonomi. 70 % av den eine laftekassen må skiftast ut. Ei enklare restaurering er mogleg, og har vore diskutert internt i Alver kommune, men spørsmålet er kva kulturminneverdi ein då sit igjen med.

Det vil vere mogleg å få ei ny bruk på lemstova, men kommunen har pr. no ikkje noko engasjement frå potensielle brukarar. Det er heller ikkje politisk interesse for bygget. Løa, som har stor verdi og verkeleg bør takast vare på, har større potensiale for framtidig bruk. Forsamlingslokale og/eller galleri har vore nevnt.

Alver kommune jobbar parallelt med eit moglegheitsstudie for Alversund, der framtidig bruk av den gamle skulen/tomta er vesentleg. Her kan ein sjå løa i samanheng med resten av sentrumsområdet.

Pr. no ligg lemstova lagra, og kommunen betaler over 100 000 kr i leigekostnader pr. år. Kommunen har ikkje eigna lager sjølv. Grunna desse løpande utgiftene er det ønskjeleg med ei snarleg avklaring på kva som skal gjerast med lemstova.

Vestland fylkeskommune sitt syn i saka:

Fylkeskommunen har i denne saka vore opptatt av kulturmiljøet med lemstova, løa og området rundt. Dei vektlegg heilskapen, og syns det er synd at kommunen ikkje ønskjer å gjenreise lemstova i den konteksten.

Bruksverdi er viktig for VLFK. Dersom kommunen ikkje finn ein aktuell bruk i Alversund, er det ønskje om at lemstova vert gjenreist ein annan stad. (Kanskje eit tun mangler ei lemstove?) Sidan lemstova allereide er plukka ned og mitbehandla, er det vesentleg enklare å gjenreise dette bygget samanlikna med å flytte andre bygg. Fylkeskommunen har noko dårleg erfaring med å gje vekk bygg – det kan oppstå situasjonar der ein ikkje får løyve til å setje opp bygg som planlagt.



Kommunen sitt tilsvaer:

Uffordringane kring gjennomføringsevne dersom ein gjer vekk bygget har vore diskutert. Kommunen har nokre interessentar, men vurderer å gå breitt ut og få inn søknader dersom lemstova skal selgjast/gjevast bort. Dette for å sikre like moglegheiter for alle. Eventuelle søknader må vurderast etter gitte kriterier, der gjennomføringsevne eksempelvis kan bli vekta høgt. Her må ein gjerne kvalitetssikre planar opp mot byggesak før noko vert avgjort.

Ved ein dispensasjonssøknad vil VLFK ta kommunen på alvor. Det er ønskje om ein god dialog og eit godt samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen, og fylkeskommunen vil ikkje gå i mot kommunen i denne saka.

Dispensasjonssøknaden må innehalde følgjande:

- Kva føresegn vi ønskjer å dispensere frå, kvifor og korleis vi ønskjer å lausrive oss frå kravet.
- Informasjon om økonomi ved gjenreising av lemstova
- Informasjon om manglande lokal forankring av gjenreising
- Noko om bruk/manglande planar for ny bruk av lemstova
- Tankar om korleis kommunen ønskjer å gjennomføre eit eventuelt sal/prosessen med å få lemstova til å bli nytta ein annan plass. Gjenbruk og berekraftig utvikling er stikkord.
- Noko om intensjonane kommunen har om å ta vare på løa. VLFK kan ikkje krevje noko om istandsetjing av løa, men kommunen kan sei noko om tankar for vidare arbeid der.

Referent: Inger Marie Jordal, 11.02.21